

Dokument:	Dato:	Referanse :	Kopi:	Sist revid.	Ant.s.	Uarbeidet av:	Ansvarleg:
Rutine for: Meldingar om graving o.l.	24.01.2012	Handbok	Entreprenørar og grunneigarar. Eige mannskap	24.05. 2023	1	YO	Nettsjef, GS Driftsl. AO

## Instruks for melding og utføring av gravearbeid og arbeid nær kraftlinjer m.m.

Ansvarleg mottakar pliktar å overhalde fylgjande reglar:

### Kabelanlegg:

#### **Før gravearbeid vert sett i gang gjeld fylgjande:**

- Graving, boring, nedsetjing av stolpar o.l. må ikkje starte opp før gravemeldingstenesten er kontakta og på staden fått påvist eventuelle kablar.
- Telemark Nett sine kablar blir påvist i det aktuelle område, med dei punkt og mål som er vist på kartskissa. Måla refererer seg til kabeltraséens midtlinje. Kabelens djupleik kan ikkje gjevast opp sikkert, då terrenghøgda kan vere endra utan Telemark Nett sin vitande.

#### **Uforsvarleg handsaming av Telemark Nett sine kablar under graving kan medføre livsfare.**

Fylgjande reglar må ivaretakast:

- Ved graving, nedslåing av gjerdestolpar og liknande nær trasémerket skal det visast stor varsemd.
- For nøyaktig plassering av traséens ytterpunkt må det gjerast prøvegraving.
- Flytting, samt oppheng av kablar, må avtalast med arbeidsleiar på staden.
- Dersom underlaget må takast vekk, skal kablane hengast opp i solid trerenne, eller etter arbeidsleiar tilvising.
- Opphengte kablar må ikkje utsetjast for strekkpåkjenning eller belastning av nokon art.
- Det er absolutt forbode å nytte kablane som understøttepunkt for stillas, kaste Brett eller liknande.
- Gjenfylling etter graving der Telemark Nett sine kablar er avdekka, samt tilrettelegging av kablane, skal utførast i samsvar med REN-spesifikasjonar.
- Visar det seg at påvising eller kart ikkje stemmer, må gravemeldingstenesten kontaktast før grøfta vert fylt att.

### Kraftlinjer - Friluft:

Dersom det skal utførast graving/sprenging i nærleiken av høgspenninglinjer, eller nyttast kraner, maskiner eller redskap nærare slike anlegg enn 30 meter må Telemark Nett alltid kontaktast. Telemark Nett vil avklara kven som har det konsesjonsmessige ansvar for ledningens drift. Dermed kan nødvendige sikringstiltak bli sett i verk.

Arbidsleiar har ansvaret for gjennomføring av dei sikringstiltak som ledningseigar ser som nødvendig.

### Kontakttelefonar:

Meldinga gjeld:	Telefon	Åpningstid
Gravemelding og påvising E-post <a href="mailto:gravemelding.oslo@geomatikk.no">gravemelding.oslo@geomatikk.no</a>	09146	07:30 – 15:30
Melding om kabelskade / luftledning (feilmelding)	35 07 57 00	24 t
Arbeid nær luftledning E-post <a href="mailto:vakt@vtk.no">vakt@vtk.no</a>	35 07 57 00	07:30 – 15:30

Register deg gratis på [www.gravemelding.no](http://www.gravemelding.no). Responstid på gravemelding er maksimalt 2 virkedagar.

**Graving utan gravemelding og kabelpåvisning medfører erstatningsansvar for kabelskadar og KILE- kostnader. Det same gjeld ved skadar på kraftliner der Telemark Nett ikkje er varsla om aktivitet/arbeid.**